Luster Kommune

Ortofoto med planavgrensing

Reguleringsplan for
Sogn Motorsportsenter Leirmoøygarden

Plan-ID 1426-2015004

Datert: 04.09.2017

Eigengodkjent: **21.09.2017 K-sak 44/17**
Endra:

Planomtale

Innleiing

Luster kommune skal utarbeida reguleringsplan for eit motorsportanlegg på Leirmoøygarden. Reguleringsplanarbeidet er forankra i Luster kommune sitt planleggingsprogram for 2016-2019 med oppstart vinter 2016 og vedtak hausten 2016.

Planarbeidet er i samsvar med kommuneplanen, arealdelen vedtatt i 2015.

Anlegget er med i Kommuneplan for idrett og fysisk aktivitet og i Regional plan for idrett og fysisk aktivitet.

Planprogram

I samsvar med Plan- og bygningslova § 4-1 og §12-9 er det utarbeidd planprogram for planarbeidet. Eit planprogram skal minst gjera greie for føremålet med planarbeidet, planprosessen og opplegget for medverknad. Planprogrammet vart vedteke av Plan- og Forvaltningstyret i møte 13.02.17 sak 7/17

Føremålet med planarbeidet

Hovudføremålet med planarbeidet er å etablere eit motorsportsenter for regionen. Det er planar om fleire ulike typar av banar og eit klubbhus. Anlegget må ha trygg avkøyring frå FV 604 og god plass til parkering. Aktuelle baner er motocross, trial, enduro, knattekross, bilcross og snøskuter.

Eigedomstilhøve

Heile området tilhøyrer garden Leirmo:	gnr/bnr 90/1	Marit Sølvi Toppe
Området langs FV 604:	gnr/bnr 90/11	Statens Vegvesen

Planar som gjeld for området

Kommuneplan – arealdelen – vedteken i 2015



Revidert kommuneplan opprettheld område for motorsport slik som vist i kommuneplanen frå 2008. Det er sett av eit 152 dekar stort område til Idrettsanlegg - ANL1 Motorsportbane. I planen er det sett krav til at det vert utarbeidd reguleringsplan for området. Som grunnlag for reguleringsplanen må det vera utarbeidd støyrapport for anlegget. Før området vert regulert skal området kartleggjast av fagkunnig biolog.

I ROS-analysen i kommuneplanen vert det vist til at området ligg i utløpsområde for snøskred. Motorsport har størst aktivitet i sommarhalvåret og rådmannen vurderer faren som liten. Det bør likevel gjerast ei fagleg vurdering. Sannsynet for hending kan vera til stades for deler av området ut i frå kriterium for Risiko og sårbarheit. For den delen av området som ligg i utløpssone for snøskred kan bygging i dette området berre skje med bakgrunn i ei fagleg vurdering av geolog.

Kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet 2016 -2027

Luster kommune har prioritert nye anlegg i det 4-årige handlingsprogrammet. Område for motorsport er med i handlingsprogrammet for kommunalt tilskot.

Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2019
Kulturdepartementet har sett krav om at anlegg med stor kostnad, anlegg som krev store areal og kan vera ein miljømessig belastning skal styrast av regional plan. Dette gjeld både nye anlegg og anlegg som skal rehabiliterast. Motorsportanlegg er eit slikt anlegg. Vidareutviklinga innan motorsport bør skje slik at det vert gjeve tilbod om mange former for motorsport på same anleggsstad.

Motorsportsanlegg er ressurskrevjande å etablere og drive. Det er viktig at vidare utvikling tek omsyn til kulturlandskap og kulturminneverdiar. Dei krev store areal og det er viktig å ta omsyn til miljømessige konsekvensar ved etablering. Det må særleg takast omsyn til støy frå aktivitetane.

Eksisterande motorsportanlegg i Sogndal er eit lite anlegg på NAF-banen på Kaupanger og ligg berre 4-600 meter frå utleigehytter og bustadfelt, noko som er problematisk med omsyn til støy. Utviding av anlegget er uaktuelt. Det er difor i handlingsprogram anlegg, regional plan 2016-2019, innarbeida ei etablering av eit større motorsportanlegg i Luster. Enduroanlegg og knattecross er prioritert for regionalt tilskot i 2019. Trail og motocross er med i langtidsprogrammet for perioden etter 2020.

Støyvurdering
i 2008 utarbeidde Kjelde Akustikk AS støysonekart for ein motorsportbane på Leirmoøygarden i samsvar med støyregelverket T-1442. Næraste busetnad er garden Leirmo som ligg 4-500 m mot sør. Det vart vurdert ei kort bane og ei lang bane for rallycross. Bilcross skal følje omtrent same spor som rallycross. Det er føresett at banene vert lagt lågt i terrenget og at ein nyttar overskotsmassar til å bygge 1-2 m høge støyvollar heilt inn mot banetraseen mellom bane og bustadhus. Støyvollane kan kombinerast med krav til sikring rundt traseen osv.

Det er i rapporten føresett tre kveldar per veke kl. 17-20/21 og laurdag frå 10-15 og ei konkurransehelg annakvar månad.

Konklusjonen i støyrapporten er at starten på banen bør leggjast i retning frå nord mot sør eller sørvest for å redusere støy frå motorrusing og køyring frå startlinja. Det vert tilrådd å gjere nye utrekningar av støynivå og støysoner når det ligg føre endeleg framlegg til trasear og anlegg med støyvollar teikna inn på kartet. Støyrapporten har også framlegg til driftsavgrensing og reguleringsføresegner.

Planutforming
Planen skal utformast som ein detaljregulering med reguleringsføresegner og ROS-analyse som eit eige dokument.

Aktuelle reguleringsføremål er:

1. **Bygg og anlegg** (bygg tilhøyrande motorsportanlegg)

2. **Anlegg for samferdsle og teknisk infrastruktur** (veg, parkeringsplassar, trasé for nærare gitt teknisk infrastruktur)

3. **Grønstruktur** (naturområde, turdrag, friområde)

4. **Landbruks-, natur- og friluftsformål** samt reindrift, samla eller kvar for seg. (jordbruk, skogbruk, naturvern, særlige landskapsomsyn, friluftsområde)

5. **Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone** (fiske, natur- og friluftsområder.)

Konsekvensar
Reguleringsplanen kan få konsekvensar for bl.a. biologisk mangfald og støy.
Området er no kartlagt av biolog, det er gjort nokre støyvurderingar av området og konklusjonen er at med avbøtande tiltak vert ikkje konsekvensane så store at det må til ei konsekvensutgreiing.

Planprosess

Varsel om oppstart av planarbeid og framlegg til planprogram
Offentlege høyringsinstansar, grunneigar og IL Bjørn vart varsla i brev datert 30.04.2016. Oppstart av reguleringsplanarbeidet vart også varsla på kommunen si heimeside og gjennom annonse i Sogn Avis. Frist for å komme med innspel til planarbeidet vart sett til 13.06.2016.

Innspel til oppstartsvarsel og planprogram
Det kom eit innspel til planprogrammet og fire innspel til reguleringsplanarbeidet.

Kartlegging av biolog	**26. oktober** 2016
Vedtak av planprogram	13.februar 2017
Første gongs handsaming av reguleringsplanframlegget	13. februar 2017
Offentleg ettersyn av planframlegget	6 veker
Andre gongs handsaming av planframlegget	4. september 2017
Vidare arbeid med planen:	
Vedtak av reguleringsplanen	Haust 2017

Ein føresetnad for denne framdrifta er avhengig av at endringane etter at planframlegget har vore ute til offentleg ettersyn ikkje er så omfattande at det medfører krav om ny utlegging. Vert det nytt offentleg ettersyn vil dette føra til forlenga planarbeid.

Områdeskildring

Leirmoøygarden ligg i Jostedalen, ca. 9 km frå kommunesenteret Gaupne. Området er ein elvegrande på ca. 150 daa som har vorte danna av lausmassar frå elvene Leirdøla og Jostedøla. Det har vore fleire store flaumar i området, seinast i 1926 då det var storflaum i området. Dei to elvene er no regulerte. Skog har etablert seg i lausmassane; lauvskog, kratt og glissen furuskog.

Leirmoøygarden sett frå vegen til Leirdalen.

Eit område på 6 daa langs fylkesvegen er dyrka. Det er eit ynskje å ta vare på den fulldyrka jorda, og dette området er difor ikkje tatt med i det området som det er meldt oppstart for.

Fylkesveg 604 til Jostedalen går langs området. Vegen er svingete og nokså smal i området og fartsgrensa er 80 km/t. FV 604 er mykje trafikkert av besøkjande som skal til breen i sommarhalvåret. Krysset mot Leirdalen, like før planområdet, er vurdert som trafikkfarleg. Det vart i 2003 starta opp reguleringsarbeid med det formål å betra krysset mot Leirdalen og rette opp vegtraseen i området. Denne planen har plan-id 1426-2013007. Planarbeidet er for tida lagt på is, men det er viktig at det ikkje vert planlagt og etablert tiltak som hindrar framtidig oppretting/ opprusting av fylkesvegen i området. Reguleringsplanen for motorsport tek omsyn til dette.

Biologisk mangfald og buffersoner langs elvene
Å bevare naturmangfaldet i området er viktig. Spesielt viktig sidan planområdet ligg i eit nokså urørd område. Området er vurdert i samsvar med naturmangfaldlova §§ 8-12. Det er brukt lokalkunnskap og registreringar i bl.a. fylkesatlas og naturbase.no.

Gråorsdominert flaumskogmark lengst nord i området.

Elva Jostedøla er lakseførande forbi planområdet. Sjølv om elva Leirdøla er regulert og har til tider svært lite vatn, er også denne rekna som lakseførande. I området er det hjort som har eit par faste trekk, bl.a. langs elva Jostedøla med kryssing av elva Leirdøla der den renn ut i Jostedøla.

Området er registrert i samband med krav om biologisk kartlegging av området i kommuneplanen. Dette arbeidet vart utført hausten 2016 av NNI ved Arnold Håland og Anette Gundersen, NNI-Rapport 466. Rapporten viser til funn av ein raudlista art i området, soppen piggskorpe. Heile området vil ikkje verta påverka av ei omregulering og det er råd med avbøtande tiltak som å setje av buffersone mot elv, hjortetrekk og jordbruksområde, Rapporten er omfattande, og dei viktigaste punkta vert referert i grove trekk her.

Området vert delt inn i fire soner;
Sone 1 – flaumskogsmark og blandingsskog
Sone 2 – blandingsskog og blokkmark
Sone 3 – blokkmark og spreidd tresetting
Sone 4 – elvekantskogen

Samla sett vert området sett på å ha middels naturverdi.

Kantsone klangs elva Jostedøla.

Endeleg detaljplanlegging er gjort med det mål å best mogleg bevara sårbare naturmiljø. Det er sett av ei brei buffersone mot elvene Leirdøla og Jostedøla. Dette vil hindre forureining av elvene, både under utbygging og drift av området.

Det er sett av buffersone mellom det mest markante hjortetrekket i området langs Jostedøla og område for motorsport. Det viktigaste området med gråorsdominerte flaummarksskog i nord vert liggande urørt. Det er i tillegg sett av ei buffersone mellom område for motorsport og dyrka mark. Dette for at hjorten også skal kunne bevega seg uhindra også denne vegen og for å dempe innsyn frå FV 604 som har stor trafikk av turistar i sommarhalvåret.

Buffersone mellom FV 604 og område for motorsport
Området for motorsport ligg godt skjerma frå Fv 604 ved at det vert sett av ei buffersone med skog mellom område for motorsport og dyrka mark. Det er viktig at skogen i denne buffersona får stå urørd av anleggsdrift.

Eksisterande vegetasjon i området mot dyrka mark.

Det er ikkje høve til å lagre massar eller hogge skogen som står i buffersona, men skogen kan vedlikehaldast gjennom plukkhogst. Buffersona vil også fungere som ein korridor for hjort.

Geologi - friluftsliv
Deler av området som har dei mest spennande kvartærgeologiske formasjonane vert liggjande utefor område for motorsport. I dag slynger ein enkel veg/sti/hjortetrakk nedover langs elva Jostedøla. Denne stien bør framleis vera open for fri ferdsel for to- og firbeinte og må ha eit breitt belte urørt natur/vegetasjon mot område for motorsport. Denne belte vil også fungere som sikkerheit mot flaum. Området og nærområdet innafor støysoner er elles ikkje eit område særleg nytta til friluftsliv.

I starten er vegen langs elva Jostedøla ein slags traktorveg. Den går over til å verta rydda sti og til slutt vert den meir eit hjortetrakk.

Hjortetråkk
Området har ein god del hjortetråkk og tydelege teikn på at hjorten både går og oppheld seg her i tider av året. Spesielt langs elva Jostedøla går det eit større hjortetrekk. Dette hjortetrekket er registrert med gps og regulert som sti/hjortetrekk med ei brei buffersone rundt dette trakket. Planen er lagt opp slik at det vert grøne korridorar utan inngrep rundt området på alle kantar. Hjorten er på denne måten ikkje hindra frå å trekke gjennom området. Hjorten er ikkje redd anlegg, vegar og bygg. Dei vil, som i dag, fritt og utan hinder kunna ferdast i området. Motorsporten vil truleg heller ikkje skremme hjorten, då hjort bryr

seg lite om motorlyd. Det er menneskje og spesielt lukta av menneskje som skremmer. Hjorten vil difor verta uroa når det er folk i anlegget. All anna tid er hjorten kan hjorten gå uhindra slik som tidlegare.

Estetikk
For å få eit anlegg der folk trivst er det viktig med god estetikk. Dette oppnår ein ved å planlegge utbygginga slik at bygging av baner og støyvollar, lagring av overskotsmasser og rydding skog vert gjort på ein ryddig måte med god terrengtilpassing. Ulike terrengformer i planområdet bør nyttast til dei aktivitetane som høver terrenget best.

Kva aktivitetar skal vera i området?

Trial går ut på å køyre i vanskeleg terreng utan å setje føtene i bakken. Køyringa foregår ståande på motorsykkelen i sakte fart. Ein køyrer i løyper som vert laga i terrenget og løypene har ulike «seksjonar». I seksjonane kan det vera stein, trestammer, røter eller anna som gjer det vanskeleg å komma fram. Trial er den rimelegaste forma for motorsport ein kan drive med.

Enduro er ein populær motorsport der ein køyrer sykkel på baner i vanskeleg terreng. Enduro betyr uthaldenheit. Bana kan nyttast til snøskuterkøyring om vinteren.

Knattecross er motocross for barn i alderen 5-12 år. Bana er ikkje så lang, men den er variert.

Motocross vert køyrd med ein motorsykkel/crosser på eigne baner med jord, sand eller lignande som underlag. Banen er 1000-1600 m lang. Bana er samansett av hopp, svingar og vaskebrett (woops) for å halde farten nede. Bana kan nyttast til snøskuterkøyring.

Bilcross foregår på bane med grus eller blanda dekke. Aldersgrensa for å køyre konkurranse er 16 år. Dette er den rimelegaste formen for bilsport. Andre former for bilsport kan også vera aktuelt.

Andre former for motorsport som snøskuter, ATV, gocart og modellbilar er også aktuelle aktivitetar.

Eksisterande veg ut på FV 604 ligg i delvis sving og har dårleg sikt begge vegar.

Vegstandard, parkering og depo

Hovudvegen inn i området frå FV 604 skal ha ei breidde på 6 meter pluss skulder. Fartsgrensa på FV 604 ved avkøyringa til anlegget er 80/km/t.

All parkering skal vera inne på området. Mange vil komme med bil og

hengar, så det er viktig med romsleg plass. Det er lagt opp til at 50 bilar med hengar skal kunne få plass på område regulert til parkering. Det må også vera plass til snørydding/lagring på området

Støy frå motorsport

I 2008 utarbeidde Kjelde Akustikk AS støysonekart for ein motorsportbane på Leirmoøygarden i samsvar med støyregelverket T-1442. Næraste busetnad er garden Leirmo som ligg 4-500 m mot sør. Det vart vurdert ei kort bane og ei lang bane for rallycross. Bilcross skal følje omtrent same spor som rallycross. Det er føresett at banene vert lagt lågt i terrenget og at ein nyttar overskotsmassar til å bygge 1-2 m høge støyvollar heilt inn mot banetraseen mellom bane og bustadhus. Støyvollane kan kombinerast med krav til sikring rundt traseen osv.

Det er i rapporten føresett tre treningskveldar per veke frå klokka 17 til 20/21 og laurdagar frå 10-15. I tillegg er det ei konkurransehelg annakvar månad.

Konklusjonen i støyrapporten er at starten på banen bør leggjast i retning frå nord mot sør eller sørvest for å redusere støy frå motorrusing og køyring frå startlinja. Det vert tilrådd å gjere nye utrekningar av støynivå og støysoner når det ligg føre endeleg framlegg til trasear og anlegg med støyvollar teikna inn på kartet. Støyrapporten har også framlegg til driftsavgrensing og reguleringsføresegner.

Med dei føresetnadane som er gjort i rapporten er støynivået til næraste busetnad under grenseverdiane i støyretningsleiaren T-1442. Motorsporten må tilpasse seg dei føresetnadane for aktivitet og drift som er lagd til grunn i rapporten. Ved auka og endra aktivitet i området må støynivået vurderast på nytt. Berekning av støysonekart skal utførast med godkjende metodar fastsett av ansvarleg sektormyndigheit i samråd med Statens Forureiningstilsyn, SFT, med innhald i samsvar med retningslinje T-1442.

Fleksibilitet i planen

I føresegnene er det lagt til rette for fleksibel bruk av det området som er regulert til motorsport. Planen legg opp til at motorsporten skal kunne omarbeide/bygge om baner utan krav om omregulering og/eller ny byggemelding. Ein føresetnad for dette er at banene ligg innafor/på område regulert til motorsport og at krav til støyvollar, sikring og tilkomst for ambulanse er i samsvar med gjeldande føresegner og plankart. Det er høve til å ha midlertidige baneanlegg for andre motorsportaktivitetar på bakken/bane enn den aktiviteten som er vist/omtala i reguleringsplanen, men også desse skal halde seg innafor område regulert til motorsport. Bakgrunnen for slike fleksible løysningane i planen er for at brukarane av området skal kunne nytte terrenget på ein best mogleg måte og for å raskt kunne utvikle anlegget etter behov.

ROS: RISIKO- OG SÅRBARHEITSANALYSE

Luster dato 30.03.2017

BAKGRUNN

Stortingsmelding nr. 26:

«Arealplanleggingen skal bidra til å redusere klimaendringens trussel mot liv, helse og materielle verdier, samt samfunnsviktige funksjoner og infrastruktur.»

Dette er innarbeida i PBL § 3-1.

PBL . § 4-3: Samfunnssikkerhet og risiko- og sårbarhetsanalyse

«Ved utarbeidelse av planer for utbygging skal planmyndigheten påse at risiko- og sårbarhetsanalyse gjennomføres for planområdet, eller selv foreta slik analyse. Analysen skal vise alle risiko- og sårbarhetsforhold som har betydning for om arealet er egnet til utbyggingsformål, og eventuelle endringer i slike forhold som følge av planlagt utbygging. Område med fare, risiko eller sårbarhet avmerkes i planen som hensynssone, jf. §§ 11-8 og 12-6. Planmyndigheten skal i arealplaner vedta slike bestemmelser om utbyggingen i sonen, herunder forbud, som er nødvendig for å avverge skade og tap. Kongen kan gi forskrift om risiko- og sårbarhetsanalyser.»

METODE

Analysen er bygd på rundskriv frå DSB 11. Analysen er basert på framlegg til reguleringsplan og tilhøyrande illustrasjonar. I risikovurderingane er det teke utgangspunkt i relevante kravdokument. Kommunale beredskapsplanar/risikovurderingar er ikkje sjekka.

Vurdering av sannsyn for uynskt hending er delt i:

- Lite sannsynleg – mindre enn ein gong i løpet av 50 år
- Mindre sannsynleg – mellom ein gong i løpet av 10 år og ein gong i løpet av 50 år
- Sannsynleg – mellom ein gong i løpet av eit år og ein gong i løpet av 10 år
- Svært sannsynleg – meir enn ein gong i løpet av eit år

Kriteria for å vurdere konsekvensar av uynskte hendingar:

Figur 1: Konsekvensvurdering av tap og skade

Begrep	**Liv/helse**	**Miljø**	**Økonomiske verdiar/produksjonstap**
Ufarleg	Ingen personskader	Ingen skader	Tap lågare enn…
Ein viss fare	Få og små personskader	Mindre skader, lokale skader	Tap mellom to gitte beløp…
Kritisk	Alvorlege personskader	Omfattande skader; regionale konsekvensar med restitusjonstid <1 år	Tap mellom to gitte beløp…
Farleg	Alvorlege skader/ein død	Omfattande skader; regionale konsekvensar med restitusjonstid <1 år	Tap mellom to gitte beløp opp til…
Katastrofalt	Ein eller fleire døde	Svært alvorlege og langvarige skader, uoppretteleg miljøskade.	Tap mellom to gitte beløp…

Figur 2: Matrise for risikovurdering					
Sannsyn/ Konsekvens	1: Ufarleg	2: Ein viss fare	3: Kritisk	4: Farleg	5: Katastrofalt
4: Svært sannsynleg					
3: Sannsynleg					
2: Mindre sannsynleg					
1: Lite sansynleg					

- Raudt felt viser uakseptabel risiko. Det må setjast i verk tiltak for å redusere risikoen ned til gul eller grøn.
- Gult felt viser at risikoen må vurderast og ein må prøve å redusere den.
- Grønt felt viser akseptabel risiko.

KVEN HAR UTFØRT ANALYSEN

Luster kommune v/plan har gjennomført analysen, med innspel frå fagpersonar og på grunnlag av ulike temautgreiingar.

Kjelder som er nytta i analysen, er refererte ved det aktuelle temaet.

UØNSKA HENDINGAR, KONSEKVENSAR OG TILTAK

Figur 3: Oversikt over uønska hendingar						
Nr	**Hending/ Situasjon**	**Aktuelt for området?**	**Sann-syn**	**Konse-kvens**	**Risiko**	**Kommentar**
	Natur- og miljø					
1	Snøskred	Ja	Lite	Viss fare		Deler av området er vurdert skredfarleg av NVE, jfr. fylkesatlas. Området som er skredfarleg er merka i kartet som fareområde.
2	Steinsprang	Ja	Lite	Viss fare		
3	Ustabil grunn	Nei				Ligg på elvegrande
4	Flaum	Ja	Sannsynleg	Viss fare		Heile området er elvegrande som kan verta flaumråka. Begge elvene er no regulert slik at faren for flaum er svært liten. Bygg ligg minst 20 m frå elv.
5	Klimaendringar Auka nedbør/Havnivåstigning/ Stormflo	Nei				
6	Vind	Nei				Lite vindutsatt
7	Radon	Nei				Ikkje hus for varig opphald
8	Skog/lyngbrann	Nei				
9	Sårbar flora	Ja	Lite	Viss fare		Den mest verdifulle delen av området er bevart urørt; sumpskog og vegetasjonen langs elvene. Mest brukte hjortetrekk er bevart. Begge elvene er lakseførande jfr. fylkesatlas
10	Sårbar fauna/fisk	Ja	Lite	Viss fare		
11	Verneområde	Nei				
12	Vassdragsområde	Ja	Mindre	Viss fare		Vassdraget med kantsoner er bevart
	Menneskeskapte forhold					
13	Verksemder med fare for brann eller eksplosjon	Nei				
14	Verksemder med fare for ureining	Ja	Mindre	Viss fare		Drivstofflekasje kan oppstå. Dette må takast omsyn til ved utforming og drift av motorsportanlegget.
15	Transport av farleg gods	Nei				
16	Avfallsområde/deponi/ureina grunn	Nei				
17	Dambrot	Nei				
18	Høgspent/Elektromagnetiske felt	Nei				
19	Trafikk – ulykker, støv	Ja	Mindre	Viss fare		Ny avkøyring. Sikten må sikrast og avkøyring skal vera flat.
20	Støy	Ja	Sannsynleg	Ein viss fare		Motorsportbane gir støy. Støysonevurdering viser at faren kan reduserast ved bygging av støyvollar og styrt retning på start. Støy bandlegg eit større område enn sjølve planområdet.
21	Skipsfart	Nei				
22	Spesiell fare for terror eller kriminalitet	Nei				
23	Fallulykker	Nei				
	Sårbare objekt					
24	Leikeplassar/friområder	Nei				
25	Helse- og omsorgsinstitusjonar	Nei				
26	Kulturminne	Nei				
27	Viktige offentlege bygningar	Nei				
28	Trafikk-knutepunkt	Nei				
29	El-forsyning	Nei				

30	Tunnelar, bruer	Nei				
31	Hovudnett, gass	Nei				
32	Drikkevassforsyning	Nei				
33	Avlaup	Nei				
34	Informasjons- og kommunikasjonssystem	Nei				
	Beredskapstiltak					
35	Utrykkingstid brann		15 min			Ca. 9 km til brannstasjonen
36	Utrykkingstid ambulanse		15 min			Ca. 9 km til brannstasjonen

Hendingar i gule felt:

Hending 1 og 2 – Skredfare

Kjelde: Fylkesatlas - snø- og steinskred - aktsomheitsområde

Det finst ikkje meir detaljerte kartlagde fareområde for planområdet. Skredfare knytt til sørpeskred er vurdert som liten. Det er ikkje bygg for varig opphald innafor området og alle bygg vert lagt utanfor aktsemdsområde snø- og steinskred.

Hending nr. 4 – Flaumfare

Kjelde: Geologiske kart - lausmassar

Heile området er elvegrande som kan verta flaumråka. Begge elvene i området er no regulert slik at faren for flaum er svært liten. Område for bygg ligg i svært god avstand frå næraste elv. Det er sett av buffersone mot begge elvene, noko som også sikrar mot erosjon.

Hending 9 og 10 - Sårbar flora og sårbar fauna/fisk

Kjelde: Naturbase.no, fylkesatlas, biologisk kartlegging hausten 2016.

Planframlegget er utforma slik at dei mest verdifulle områda vert liggjande urørt og slik at hjorten kan bevege seg gjennom området og slik at det er ei brei buffersone langs begge elvene. Sjå meir om dette i planomtalen.

Hendingar i raude felt:

Hending 20 – Støy

Kjelde: Støysonekartlegging

Kjelde Akustikk AS har utarbeida støysonekart for ein motorsportbane på Leirmoøygarden i samsvar med støyregelverket T-1442. Denne rapporten viser at støy frå banen vil påvirka eit større område utanfor planområdet og næraste bebyggelse som er garden Leirmo. Det må gjerast fysiske tiltak (retning på startområdet og støyvollar) for å redusere støyen frå området.

Risiko ved motorsport
Beredskap, tilkomst, sikringsarbeid vert ikkje styrt av PBL og TEK10. Motorsporten sitt eige HMS arbeid skal sikre utøvarane av sporten. Utforming av baner med sikringssoner og sikringsutstyr vert styrt av motorsportens sitt eige lovverk.

REGULERINGSFØRESEGNER FOR LEIRMOØYGARDEN , jf. PBL §12-7,

§1 Generelt

1.1 I samsvar med § 12-7 i plan- og bygningslova gjeld desse reguleringsføresegnene for det området som er avgrensa med reguleringsgrense på plankartet.

1.2 I samsvar med § 12-5 i plan- og bygningslova er planområdet regulert til desse føremåla:

Bygg og anlegg

- Byggeområde - klubbhus 1 dekar
- Idrettsanlegg - motorsport 48 dekar

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

- Køyreveg 0,3 dekar
- Parkeringsplass 2,3 dekar
- Anna veggrunn-tekniske anlegg 0,1 daa

Grønstruktur

- Buffersone/hjortetrekk 44 dekar
- Sti/hjortetrekk 1,2 dekar

Landbruks-, natur- og friluftsføremål

- Landbruks-, natur- og friluftsføremål dekar

Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone

- Bruk og vern av sjø og vassdrag 8,2 dekar

Heile planområdet er på totalt ca 105 dekar

Omsynssoner, faresoner (PBL § 12-6) **og spesialområde** (PBL § 25)

- Frisiktssone ved veg
- Støysone - raud sone
- Ras og skredfare

1.3 Formålet med reguleringsplanen er å legge til rette for motorsportsaktivitetar, særleg for ungdom, i trygge og lovlege former. Motorsportsenteret skal vera eit regionalt anlegg for Sogn. Reguleringsplanen er utarbeida som ei oppfylging av kommuneplan for Luster vedtatt i 2015.

§2 Fellesføresegner for Bygg- og anlegg

2.1 Det er utarbeida ein støyrapport til planen. Motorsporten må tilpasse seg dei føresetnadane for aktivitet og drift som er lagd til grunn i rapporten. Ved auka og endra aktivitet i området må støynivået vurderast på nytt.

2.2 Avkøyrsle frå FV 604 med siktsoner skal vera opparbeidd før alt anna byggjearbeid startar. Før det kan gjennomførast publikumsarrangement skal det vere opparbeidd parkeringsareal for 30 bilar inne på området.

2.3 Områdeavgrensing og byggegrenser på reguleringsplankartet som gjeld område for «Bygg og anlegg - klubbhus» er rettleiande og markerer omtrentleg plassering av klubbhus/lager/verkstad. Arealet kan endrast med opp til 10% av det arealet som er vist i plankartet, men kan berre flyttast innafor område regulert til idrettsanlegg-motorsport og utanfor frisiktsoner og område med ras- og skredfare. Byggegrenser kan flyttast opp til 5 m til sida for det som er vist i planen utan krav om omregulering.

2.4 Alle fellestiltak som vegar, parkering og bygningar skal ha universell utforming. Ved søknad om byggeløyve skal det gjerast greie for korleis dette omsynet er ivaretatt.

2.5 Ved planlegging og utbygging av anlegget skal eksisterande terreng og vegetasjon takast vare på i størst mogleg grad. Det er ikkje høve til å lagre overskotsmassar, anna lagring eller å bygge støyvoll på område som er regulert til Buffersone/hjortetrekk eller som er regulert til LNF-område, grønnstruktur, natur- og friluftsområde.

2.6 Det er ikkje høve til å sette opp fast gjerde, mur eller anna stengsel rundt planområdet som hindrar fri ferdsel i området. Det kan hengast opp markeringsband rundt heile motorsportanlegget for å varsle/sikre eventuelle turgåarar om aktiviteten. Markeringsband kan også nyttast til å rettleie publikum i anlegget.

2.7 Det kan i område regulert til motorsport førast opp sikringsgjerder mellom bane og publikum og støyskjermar mot bebyggelse.

2.8 Automatisk freda kulturminne. Tiltakshavar har plikt til å vise varsemd og til å straks melde frå til Sogn og Fjordane Fylkeskommune ved Kulturavdelinga dersom ein under arbeidet skulle støyte på automatisk freda kulturminne, jfr § 8, 2. ledd i Lov om kulturminne. Automatisk freda kulturminne kan i denne samanheng vere konsentrasjonar av trekol i under grunnen eller i groper, steinsettingar eller samling av stein, samt våpen, reiskap og liknande i metall eller stein.

2.9 Ved avvikling av motorsportanlegget skal området ryddast, arronderast på nytt og området går attande som LNF-område.

§3 Bygg- og anlegg – klubbhus, lager/verkstad, renovasjonsanlegg

3.1 Søknadspliktige bygningar jf. plan- og bygningslova § 20-1 skal søkjast om og vera gitt løyve til før arbeid kan starta.

3.2 Alle bygg skal gjevast eit tiltalande ytre. Utover dette vil ønskje frå klubben vere styrande for storleik og utforming. Ubygde delar av området skal haldast i orden og ryddig.

3.3 Sanitæranlegg og avløpsløysing skal etter søknad godkjennast av kommunen. Ved større arrangement kan det nyttast transportable toalett.

3.4 Det kan setjast opp eige bygg for lagring av søppel og spesialavfall. Alt avfall skal leverast til godkjent mottak.

§ 4 Bygg- og anlegg - Idrettsanlegg - motorsport

4.1 Området skal nyttast til anlegg for motorsport. Det kan byggast baner og gjerast terrenginngrep for enduroanlegg, knattecross, trail, motocross, bilcross/ rallycross baner snøskuter, ATV, gocart og modellbilar.

4.2 Starten på baner skal leggjast i retning frå nord mot sør eller sørvest for å redusere støy frå motorrusing og køyring frå startlinja.

4.3 Det kan førast opp mindre bygningar og anlegg knytt til drifta, t.d. tribune. Søknadspliktige bygningar jf. plan- og bygningslova § 20-1 skal søkjast om og vera gitt løyve til før arbeid kan starta.

4.4 Det kan setjast opp permanente reklameplakatar i området dersom desse ikkje er synlege frå FV 604.

4.5 Området skal haldast ryddig og reint for vrakdelar og anna avfall. Spesialavfall skal takast forsvarleg hand om og leverast godkjent avfallsmottak.

4.6 Opningstider for motorsportssenteret
Mandag-fredag: kl.17.00 – 21.00
Laurdag-sundag: kl.10.00 – 15.00

Konkurransar/stemne kan gå utanom desse tidene, men det skal ikkje vera fleire enn seks konkurransehelger pr år, maks to pr månad og ikkje konkurransar på to etterfylgjande helger.

4.7 Støyvoll
Det skal byggast støyvollar mellom baner og garden Leirmo i sør-vest, slik som støyrapporten legg opp til. Støyvollane skal vera 2-3 meter over trase/bane. Støyvollane skal byggast inne på område for motorsport.

§5 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

5.1 Køyreveg – felles
Tilkomstvegen inn i området skal opparbeidast med breidde 6,0 m pluss vegskulder. Vegen skal ha svingradius 15,0 m i avkøyring ved FV604.

5.2 Vegen skal kunna nyttast av motorsportsenteret og grunneigar. Vegen kan ved behov stengast med bom som ikkje må stå nærare FV 604 enn 12 meter.

5.3 Parkering - felles
Arealet kan opparbeidast til parkeringsplass og nyttast av både motorsportsenteret og grunneigar.

5.4 Annan veggrunn – teknisk anlegg
Arealet/vegskulder skal haldast fri for vegetasjon over 0,5 m, og reint og ryddig for avfall.

§6 Grønstruktur

6.1 Naturområde/Buffersone/hjortetrekk
Det er regulert eit naturområde som skal fungere som ei buffersone mellom dyrka mark og anlegg for motorsport. Buffersona skal vera eit naturområde der bl.a. vilt/hjort har fri ferdsel. Buffersona vil også fungere som ein visuell skjerming mellom FV 604 og anlegg for motorsport. Det er også regulert eit naturområde mellom begge elvene og område for motorsport. Det skal ikkje gjerast terrenginngrep i desse områda og områda skal ikkje snauhoggast/flatehoggast. Plukkhogst av enkelttre er tillate.

6.2 Sti/hjortetrekk
Langs elva Jostedøla er det i dag delvis ein traktorveg, delvis sti og delvis eit større hjortetrekk. Eksisterande traktorveg og sti skal haldast ved like og ha tilkomst frå

parkeringsplassen. Det kan gjerast mindre tiltak for å utbetra sti/hjorteveg. Traktorvegen/sti kan ikkje stengast med bom/gjerde.

§7 Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone

7.1 Elvene Leirdøla og Jostedøla er lakseførande og skal ikkje utsetjast for inngrep eller forureining

7.2 Langs elvene Leirdøla og Jostedøla vert det sett av eit naturområde for å verne vassdraget og for å gi vilt/hjort fri ferdsel. Det skal ikkje gjerast terrenginngrep i desse områda og områda skal ikkje flatehoggast. Plukkhogst av enkelttre er tillate.

§8 Omsynsoner/faresoner/spesialområde

8.1 I frisiktsonene (6 x 115 m) i avkøyringa frå FV 604 skal det ikkje vere sikthinder (vegetasjon, gjerde eller liknande) som er høgare enn 0,5 meter over vegbanen.

8.2 Støysone
Heile planområdet ligg innom støysone, raud sone etter rundskriv T-1442. Det kan ikkje førast opp bustader innafor raud sone. Utforming av banene i område for motorsport skal ha som målsetjing å redusere støyen ved å bygge opp støyvollar der dette er mogleg og ved å ha startområde med retning mot garden Leirmo.

8.3 Ras- og skredfare
Innafor faresona kan det ikkje førast opp klubbhus/verkstad/lager.